

# Mindre rus blant ungdom i Sunndal

Mindre rus blant ungdom i Sunndal

Det har vore ei positiv utvikling i bruk av rusmiddel blant ungdom i Sunndal dei seinare åra.

Færre rusar seg

Færre bruker narkotika

Færre røyker

Færre får med alkohol heimafrå

Ungdom er eldre første gong dei bruker rusmiddel

Ungdom drikk svakare alkohol

Dette viser dei årlege rusundersøkingane Sunndal kommune har gjennomført sidan 1999 i samarbeid med Sunndal vidaregåande skole.

Nokre sentrale tal frå undersøkingane:

- Fleire har aldri brukt rusmiddel (18% i 2007 mot 9% i 2001)
- Færre får med seg alkohol heimafrå (50% i 2007 mot 66% i 2001)
- Færre debuterer på alkohol før 14 år (28% i 2007 mot 45% i 2004)
- Færre røyker (7% i 2007 mot 25% i 2001)
- Færre har prøvd hasj (7% i 2007 mot 20% i 2001)

Utviklinga må sjåast i samanheng med det målretta arbeidet Sunndal kommune har gjort over fleire år for å få redusert rusbruken blant ungdom.

Det er høg grad av samsvar mellom resultatane av denne undersøkinga og den nasjonale rusundersøkinga som blir gjennomført av Statens institutt for rusmiddelforskning. Den nasjonale undersøkinga tek også for seg andre aldersgrupper.

Eit av dei tydelege resultatane i den nasjonale undersøkinga er at det er unge vaksne (21 - 30 år) som er "verstingane" i russamanheng.



2008.03.11 7:43  
Nei